


Seterbrukaren

Skrift frå Norsk senter for seterkultur
Nummer 2 – mai 1998



Norsk senter for
Seterkultur

Seterbrukaren

Ein ny setersommar står for tur, og mangt eit menneske og dyr kriblar i beina etter å få komme på setra att. Kan hende er det nettopp i solveggen på setra du tek fram og les Seterbrukaren. Bladet er ei påminning om alle dei andre som sit ved andre seterveggar, og har seterdrifta og seterkulturen som del av sitt levebrød og interesse.

Med bladet vil me oppretta ein møteplass for aktive seterdrivarar og andre med interesse for norsk seterkultur. Dette er ein kanal for å formidle alt frå små opplevingar til nye forskingsresultat. Ein kanal for diskusjon og kunnskapsutveksling. Me oppfordrar alle som får skriftet i hende til å bli bidragsytar i neste nummer. Frist for innlevering av stoff er sett til 1.juni. Bruk gjerne Seterbrukaren til å dele sommaren seteropplevingar med andre. Eller innby andre til å ta del i ulike seteraktivitetar gjennom Seterkalenderen bak i bladet. Neste nummer kjem ut i juli.


Utgivar:
Norsk senter for seterkultur
6214 Norddal
telefon og telefaks 70 25 91 77

E-post:
seterkul@online.no
Redaksjon: Tove Lofthus / Jostein Sande
Lay out: Alfred Nilsen
Trykk: Cylindertrykk

Utgitt med støtte frå Felleskjøpet

Forsidebilde:Frå Heralden, foto: Mette Müller.
Bilde side 5, frå Einnundalen, foto: Paul Nyheim.
Bilde side 6 og 8, Ljøsnåvollen, foto: Karoline Daugstad.
Bilde side 7, foto: Åshild Dale

Prosjektleiari ved Norsk senter for seterkultur:
Tove Lofthus



AV ÅSHILD DALE

BLI MED!

Ein viktig inspirasjon for å dra i gang prosjektet Norsk senter for seterkultur var alle oppmodingane om å organisere eit nettverk for seterbrukarar. Talet på setrar i drift har gått jamt attende, og jamvel vi sjølve har vel rekna med at denne, historisk sett viktige driftsforma i norsk landbruk, var på veg ut. For eigen del opplevde vi ein "ny vår" for setra i og med igangsettinga av "Herdalsprosjektet" – eigentleg eit reiselivstiltak, med basis i gamalt setermiljø og sterke lokale tradisjonar. Dei gamle seterhusa, ostegryta, dyra og kulturlandskapet viste seg å vera ein "magnet" som drog både gamle og unge. Mykje

medieomtale både i inn- og utland sette oss i samband med mange andre seterbrukarar og viste at setra også appellere til mange fleire enn oss som dagleg arbeider med dyr og fjøs. Vi vart klar over kva verdiar vi forvaltar og at setra har ein unik plass i norsk medvet – og har plass i ein felleseuropeisk arv. Og kjensla av å forvalte ein arv til beste for framtida avløyste mismotet: Vi må "henge i hop for å unngå å bli hengt kvar for oss!" Vi treng ein interesseorganisasjon!

Seterdrifta er truga frå så mange kantar – krav til stadig auka effektivitet i landbruket og utbygging av seterareala til andre føremål (kraftverk, hytter m.m.), for å nemne noko. På andre sida talar krava om rein mat, langsiktig forvaltning av naturressursane og ynskje om å ta vare på kulturlandskapet for seterdrifta. Og setra er på ny i vinden, som viktig del av gardsdrifta – og som sentralt element i utviklinga av "nye" næringer i bygdene. Både truslar og utfordringar er sentrale

arbeidsoppgåver for ein interesseorganisasjon. Gjennom alle kontaktane vi har fått kjem det fram at vi kan oppnå meir gjennom felles innsats. Og ikkje minst vil ein slik organisasjon verke som møteplass for utveksling av praktiske røynslar og inspirasjon til vidare arbeid. Kunnskap kan gjerne samlast i museum og institutt, kompetansen kan vi berre sikre ved å halde seterdrifta og seterkulturen levande. Vi ser allereie konturane av eit nettverk mellom seterbrukarane – og ikkje minst ser vi at dei som no startar opp att treng hjelp av oss som har halde på ei tid. I tillegg til å etablere eit kompetanse-senter med utstillingar, kurs, seminar o.a. er det eit sentralt mål for prosjektet å få til ein slagkraftig interesseorganisasjon for seterbrukarar og andre interesserte. Denne organiseringa er sjølve grunnsteinen for det som skal skje etter at prosjektperioden er over neste år. Difor set vi alt no i gang medlemsvervinga.

Styret for Norsk senter for seterkultur

Tor Magnus Hansen, leiar
2542 VINGELEN
tlf: 62 49 46 83
faks: 62 49 47 70

Torhild Svidal Mjøen
7340 OPPDAL
tlf: 72 42 11 51
faks 72 42 14 75

Ny i styret
Karoline Daugstad
Nedre Møllenberggate 63
7014 TRONDHEIM
tlf: 73 53 34 92
E-post:
karoline.daugstad@allforsk.ntnu.no

Hun er forskar, med utdanning innan samfunnsgeografi frå Universitetet i Trondheim. Seterlandskap og seterkultur har vore forskingstemaet hennar ved fleire høve, og er også utgangspunktet for ei doktorgradsavhandling. Ho har og arbeidd med problemstillingar knytt til bygdeturisme. Karoline arbeider no ved Senter for bygdeforskning i Trondheim med prosjekt som omhandlar ressursbruk, ressursforvaltning og kulturlandskap. Utfordringar knytt til mellom anna naturvern, kulturminnevern og ikkje minst desse aktivitetane sett i samanheng blir tekne opp i prosjekta hennar.

Åshild Dale
6214 NORDDAL
tlf: 70 25 91 08
faks: 70 25 91 57
E-post: aashildd@online.no

Jostein Sande
6214 NORDDAL
tlf : 70 25 91 08
faks: 70 25 91 57
E-post: jossande@online.no



ORGANISASJONAR OG PERSONAR I PROSJEKTGRUPPA

Kvinneutvalget i Norsk Bonde og småbrukarlag
Hilde Riis

Norges Bondekvinnelag
Anne Lutro

Norsk senter for økologisk landbruk
Elisabeth Moen

Norsk Kulturarv
Christian Sulheim

Norsk Sau og Geitealslag
Halvard Fjørstad

Norsk institutt for jord og skogkar tlegging (NIJOS)
Yngve Rekdal

Møreforskning / Høgskulen i Volda
Jon Tvinneheim

Møre og Romsdal Fylkeskommune
Anita K. Waatvik

Norddal Kommune
Petter Melchior

Norsk Gardsost
Pascale Baudonnel

Oljebrenning

– en lokalhistorisk egenart av attåtning.

AV ERLING RAUBAKKEN
OG ARNE LØSNESLØKKEN

For den som aldri har hørt om oljebrenning før kan det være grunn til å spørre hva det er for noe. Det kan kort og enkelt forklare slik at oljebrenning er en metode som har vært nytt til å vinne ut de oljestoffer som finnes i eieren. Denne metoden har praktisk talt bare vært kjent og nytt innenfor et mindre geografisk område i vårt land, nemlig i Fåvang i Gudbrandsdalen. Fåvang er en del av Ringeby kommune og ligger 4-5 mil nord for Lillehammer. Oljebrenning er således en spesiell og original egenart av attåtning på landsbygda som er av særlig kulturhistorisk interesse.

Oljebrenningen ble i første rekke utført av småkårsfolk, og den var i stor grad et kvinnearbeid. Budeiene brente ved siden av seterstedet, enslige og ugifte av begge kjønn slo seg ned på setrene eller i utmarka med sitt oljebrenneri, ja det var til

og med ikke så sjelden at hele familier drog til fjells for å skaffe seg et levebrød sommerstid. Særlig i nedgangstider var oljebrenningen et kjærkomment alternativ for arbeidsløse folk.

Helt fram til andre verdenskrig var oljebrenningen vanlig rundt om på setrene og i omegnen. Men etter krigens slutt avtok den ganske raskt. Nye livsformer og arbeidsmetoder hadde overtatt. I løpet av 1950 årene var det hele forbi.

Oljebrenneriet på Gullhaug har 20 års jubileum i år.

(Sjå Seterkalenderen bak i bladet)

OLJEBRENNING

Heftet "Oljebrenning" gir en mer samlet og detaljert beskrivelse av oljebrenningen i Fåvang i Gudbrandsdalen. Det blir fortalt litt om framgangsmåten, omfanget av virksomheten og bruken av det ferdige produkt. Steder og enkeltpersoner blir navngitt, og noen intervjuer med personer som har utøvet tilvirkningen i næringssammenheng.

Tekst: Erling Raubakken

Arne Løsnestløyken

Fåvangfjells Sportskappelag 1978

Til seters

Videofilmen TIL SETERS er ein fargefilm som tek sjåarane med til Gålaseter i Østerdalen i Hedmark. På buferdsdagen blir ein teken med fram til ei nyoppbygd seter, kor ein får sjå korleis det blir drive setring på gamlemåten i 1996. Filmen fortel om både handmelking, ysting og smørproduksjon, forutan å gi nyttige råd om dyrestell på setra.

Seaside Studio AS 1996

Ho einbær-Kari

Når vårn kjem inn over setergrenda og bekken bruse og fuglan syng,- Da går ei kjerring med sigd og strisekk, med seige steg over mose og lyng.

Ho Einebær-Kari er støtt på farten når det blir bert over hei og fjell. År etter år har ho trufast gått her og sankt eine til langt på kveld.

Ho hakke eine, ho stappe sekken så han blir diger og tung og stor. Ho får'n på ryggen, og snu på hemveig og finn att råket ho oftest för.

Ho trø ti tynna, og ber på vatten, og får på koken som dagen går. Ska tru om ein'er tå beste slaget, så fleska full ho med olje får ?

Da ha ho tent seg ei krone ekstra, - og det er penger som vel kjem med For den som inte har flust med rikdom og heller lite med jord og fe.


Ja, sume dågå kein vera fine med sol og vårsus og fuglesang, Men andre gonger, med regn og kuling kein dagen bli både vond og lang.

Men det var tyle ved oljehytta, det lufta einlaug og skog og fjell. Der fekk ho kvile den krøkte ryggen før trøyt og sliten ho smaug i fell.

Nå kvile ho Kari frå oljehytta, ho vart så gånål og krøkt og grå. Ho gjekk den veigen som alle andre tilslutt frå arbeid og slit må gå.

Det ligg att steiner ved oljehytta der Einbær-Kari har sett sitt spor. Som minnesmerke ligg briskehaugen og råtne nedatt til blomsterjord.

Ragnhild Korsletten. Illustrasjon: tobbe



"På setra" er eit nytt oppgavehefte frå Norske 4H. Det inneheld fagleg stoff og tips til aktivitetar, og passar difor godt både til dei som deltek og dei som vegleder på seterkurs.

Oppgaveheftet handlar om setra, naturen og kulturlandskapet rundt setra, og om dyr og folk som lever der. Med dyr tenkjer ein her på husdyra, særleg storfe, geit og sau.

Gjennom heftet vil du lære om kva utmarka har å seie for folk og dyr, og om verdien av utmarka for dei som driv næringsverksemd innfor landbruket. Du vil og lære å nyttiggjere deg desse ressursane på ein forsvarleg måte. Du lærer om sjølve setra med bygningar og seter tun. Kva slags dyr har vi på setra og kva slags stell får dei? Vidare ser vi på ulike produkt vi får frå dyra på fjellet og korleis dyra nyttiggjer seg plantene som finst i fjellheimen. Vi ser og litt på kva vi kan lage av ulike planter.

Det er eit eige kapittel om mjølkeprodukt og om seterkost. Her vil du finne gamle og nye framgangsmåtar på korleis du blant anna kokar prim og yster ost. I tillegg finn du oppskrifter på til dømes rømmegraut og geitemjølkskaramellar. Heftet tar og for seg opplevingane du får i fjellheimen. Opplevingar som ikkje er til å ta og kjenne på, men noko som rører ved sansane våre.

Eit 4H-oppgavehefte er eit arbeidshefte for unge i alderen 12 til 19 år til hjelp ved gjennomføring av ei praktisk arbeidsoppgåve. Oppgaveheftet kan og brukast av skuleverket, lokale organisasjonar og enkeltpersonar som vil sjå nærare på setertradisjonar i Noreg og om bruken av setra og fjellet før og no.

Det er laga eigen godkjent studieplan (15 timar) som finst i heftet.

Heftet har mange svartkvite teikningar og bilete, medan omslaget er i fargar.

PÅ SETRA

Tekst: Astrid Simengård m. fl.
Teikningar: Åshild Moland
Foto: Frå fleire
Norske 4H 1997
40 sider, A4, nynorsk
ISBN 82-7348-142-5

OPPLAND:

STØLSKURS I VALDRES

i juni – august med m.a. ysting av flere typer ost. Varighet 1 eller 2 uker.

Påmeldingsfrist: 1 juni 1998.

Kontakt: Valdres kurs og Studiesenter 2920 LEIRA I VALDRES, tlf: 61 36 63 00

15. juli **OLJEBRENNERIET** på Gullhaug, 20 års jubileum.

GULLHAUGFESTIVALEN

18. juli Gullhaugløpet

19. juli Gudstjeneste v/ Åge Løsnesløkken.

Kåseri v/ Hans Hagen "Seterlivet i hverdag og fest"

Arr.: Fåvangfjellels Sportskapellag Kontakt: Anne Reidun Amerud. Tlf: 61 28 24 58

MØRE OG ROMSDAL:

25. – 26. juli **GRUDALSHELG** Setra er ramma rundt arrangementet og seterfolket vil også i år være behjelpelig til å fylle tomme mager med god seterkost. Ellers blir det årsmøte i Grøvugruppa, bålbrekking, musikk, sang og dans til langt utpå morgenen.

SETERKURS I GRØVUDALEN

Praktisk og teoretisk innføring i seterdrift før og nå. Lær deg å lage oster, smør, rømme og ikke minst å melke. Ingen krav til forkunnskap eller alder. Kursa varer i ei uke, og er i uke 27, 29 og 32. For mer informasjon om kurs og Grudalshelg kontakt:

Eldri Svisdal, Rute 4, 7340 OPPDAL Tlf: 72 42 04 79

FAGSEMINAR I NORDDAL

14. – 16. August 1998

Tema: Setra sin plass i Norsk Gardsmat – Regelverk i høve til mjølke- og småskalaforedling. Styringsgruppa i Norsk Gardsmat blir med på seminaret.

Offisiell opning: Under seminaret vert det offisiell opning av utstillinga om seterdrift før og nå, på Paktarstova i Norddal.

Endeleg program for fagseminaret kjem i neste nummer av Seterbrukaren.

Arr.: Norsk senter for seterkultur, 6214 NORDDAL, tlf 70 25 91 77.

SETERKURS PÅ HERDALSETRA

Enkel innføring i seterdrifta før og no. Mjølking, ysting – kvit og brun geitost, separering, kinning m.m. Juli: 18. – 20. august: 14. – 15. og 21. – 23.

Dagskurs for grupper, skuleklassar og einskildpersonar etter avtale.

Kontakt: Åshild Dale, 6214 NORDDAL

tlf: 70 25 91 08 / 70 25 92 29 faks: 70 25 91 57 E-post: aashild@online.no

SOGN OG FJORDANE:

YSTEKURS

31. august – 2. september. E.B. kurs på stølen Langhuso i Undredal.

Enkel innføring i ysteteknologi, teori og praksis. Kursleiar: Pascale Baudonnel

Kontakt: Økoringen Vest, Pb 49, 5840 LEIKANGER Tlf: 57 65 39 13

BUSKERUD:

STØLSDAG i august med kinning, primkoking, slått, raking, vøling av gamle redskap,

laging av sopelim. Arr. Torpo og Oppheim Bondekvinnelag

Kontakt: Ingebjørg Karterud, 3579 TORPO tlf: 32 08 32 30.

TELEMARK:

KURS MED STØYLSINNHALD

22. – 24. mai

Ysting av ulike ostar, kinning, baking i steinovn og kveding.

"Kom på støylen te meg sko du få møltur og myraber!"

Kveldane blir bruka til å kvea. Sundag vert det tur i støyldalen med lokking på kyrne.

Kurshaldarar: Hagny Husbo, Bodil Nordjore, Anne-Lise Andersen, Ellen B. Nordstoga

Pris kr 1400,- alt medrekna / 1200,- utan overnatting

Kontaktperson: Ellen B. Nordstoga, tlf 35 07 25 53 / 948315785



Vertsfunksjonen på setra

Serveringa på stølen vår føregår naturleg nok mest ute på borda, i sola, på stølen. Dersom det regnar, kjem det berre ein og annan vandraren, ein tysk familie og nokre hyttefolk som kjøper seg rømme på glas for å koke seg rømmegraut. Som vertinne prøver eg naturleg nok å møte dei behova som kvar enkelt turist har. Dei dagane det berre er nokre få gjestar, er det ikkje så vanskeleg, men når grupp på gruppe strøymmer oppover stølen, må jo opplegget bli annleis. Då talar dei jo med kvarandre og spør ein person om å få vite noko, får mange høyre svaret.



Frå ein lesar i Hedmark har me fått inn spørsmål om agregatstøyt. Har nokon gode forslag dei vil dele med andre om korleis ein på best mogeleg måte kan unngå agregatstøyen på setra ?

På BRUKARTEIGEN vil du møte ulike seterbrukarar frå ulike delar av landet

BRUKARTEIGEN



aberh Moen

Kva behov har så turistane ?
Eg vel å dele turistane inn i ulike grupper,
eller segment på turistspråket.

Dei gamle

Vi har ein god del eldre norske gjestar, gjerne folk frå bygda. Mange av dei har minne frå den tida dei fleste gardane dreiv med setring, nokre har sjølv vore gjetarar, setertausar eller "seterdeier". Dei vil gjerne smake på den ekte seterkosten. Saupet og skjørøsten er furkund-mat og naturlegvis rømmen, smøret og dravlen. Dei fortel ofte om det dei sjølve har opplevd frå si tid på ei seter. Dette er med på å setja drifta i rette samanhangen for oss òg. Og dei kjem att gong på gong og er trufaste kundar.

Småbarnsfamiliar

Så er det familiane med små born. Dei vil tala med alle dyra, gi kaninane mat, ri på

ponnien, eller leike borti bekken. Og dei et bakels, mange rundingar og mykje saft. For oss er det å vera til stades, svara på spørsmål, hjelpe dei og springe med maten. Kanskje vil dei høyra litt om korleis det blir smør, om kva kalvane likar og om grisane som held til nedst på stølen.

Ridejente-familiar

Familiane med jenter frå 9 – 10 års alderen vil ri. I fjor var det ei dame, Liv Roaldset, som hadde hestane sine hos oss. Foreldra til hestejentene drikk kaffi, dristar seg kanskje på rømmen og dravlen og nyt tilvere. Nokre vil sjå seg omkring, inspisere mjølkebua, kraftverket og mjølkestallen. Dei klarer seg for det meste sjølv når dei har fått serveringa si.

Grupper på tur

Når vi får grupper på besøk blir opplegget noko annleis. Da tek vi imot dei når dei kjem oppover vegen med ein kringelhauk eller kulokk. Vi fortel om gamle dagar og om utviklinga fram til no på setra. Er det bønder på tur, går det på gamle husdyr-sasar, beitebruk osv. Vi fortel om drifta og har organisert omvising. Folk får smaksprøvar eller vanleg servering.

Vertinnerolla

Viss eg skal summere det eg strevar etter som vertinne, er det viktigaste å møte kvar enkelt med augekontakt og eit smil. Så er det å avvente kva dei ønskjer, svara på spørsmål og få dei til å trivast. Dei fleste ønskjer å tala, men nokre vil helst sitje for seg sjølv og berre vera til stades.

Ved sida av å tene gjestane skal det mjølkast og forast. Vi skal drive kyrne på beite og hente dei heim. Det skal

produserast ymse seterprodukt, kokast kaffi og steikast bakels. Vi skal fyre for heitt vatn, koka koppar og halda det reint og ryddig ute og inne. Vi må telje selde rømmetallerkenar, kaffikoppar og det som er innkome i kassa. Eg varierer rolla som sjef, venninne og mor til jentene som hjelper til.

Ivareta vertskapet

Det er triveleg og givande, men vi er nok slitne, når sesongen er over. I år vil vi prøve å halde stengt eit par vekedagar for å konsentrere besøket. Det vil gi oss fri til fjellturar og kvile.

Vi vil ha spesielle temadagar utover sesongen. Så får vi sjå kva denne sommaren vil bringe !

Setra Røsta ligg i Trollheimen, i Surnadal kommune på Nordmøre. Her er ca 16 mjølkekyr, 15 ungdyr, to-tre småkalvar, smågris, nokre kje, hønene på garden og ein shetlandspionni. Ofte er her kaninar i tillegg – pluss fjøskatta og gjetarhunden. All mjølka blir foredla til rømme, smør og dravle, i tillegg til bakels og saup-pannekaker.

Dei fleste som har sommarjobb på setra er jenter frå 16-17 år og oppover. Dei er der frå ei til tre veker kvar sommar. Eit kraftverk produserer ca 1200 kW, nok til å dra separator og kinna. I tillegg dreg turbinen vakumpumpa til mjølkemaskina. Setra har tre små rom – mjølkebua, soverommet og skjelet som fungerer som kjøkken, serveringstad og daglegstove.

Eigarar er Elisabeth og Eirik Moen.

PAUL NYHEIM,
2580 FOLLDAL I HEDMARK

Norges lengste seterdal


Sender en stor takk for det fine bladet. Det virker veldig interessant å få et sånt blad. Jeg driver seterdrift i Norges lengste seterdal, det er Einnundalen i Nord-Østerdal. Dalen er ca 5 mil lang og det er seterdrift igjennom hele dalen. Det er brukere både i fra Follidal og Alvdal som møtes der inne. Vi er veldig stolte av den pene seterdalen. Vi husker godt før melkeruta starta, da var det å koke ost og kinne smør. Nå er det også en del turisttrafikk igjennom dalen. Det er ei fin



elv som renner igjennom hele dalen. Likeså to store sjøer med fjellfisk. Det er for det meste enkelt-gårdbrukere som driver seterdrift hver for seg. Men vi har også en pen fellesseter. Likeså driver

Storsteigen Landbruksskole seterdrift der inne. Det er også noen som holder litt på den gamle tradisjonen med å selge rømme og litt geitost.

Jeg kunne skrevet mye mer om denne seterdalen, håper at dette bladet kommer flere ganger.



Prosjektpresentasjon i Sør Trøndelag Forvaltningsplan og skjøtselplan

For seterdalen i Endalen og seterdalen
Buas dalføre

Prosjektområdet ligger i Budalen i Midtre
Gauldal kommune i fjellregionen i den
søndre delen av Sør- Trøndelag fylke.
Prosjektet er geografisk avgrenset til
seterdalen i Endalen og seterdalen i Buas
dalføre slik at det omfatter alle
setereiendommer og slåtteeområder i begge
dalene. Seterdalene skjærer seg inn i
området opp mot Forelhogna som er
knutepunktet i Forelhognaområdet med
sine 1332 m over havet.

Det er ca 140 seteranlegg i disse to dalene,
og 100 av de er i bruk i henhold til
gjeldende regelverk. 25 brukere driver
tradisjonell setring med melkeproduksjon.
Til sammen var det 234 melkekyr, 390
ungdyr og 3030 sauer på beite i 1995. Det
er totalt 570 dekar med dyrket jord på
setervollene og det er omkring 500
seterbygninger i dalene samt løer og
slåtteebuer. Det verdifulle kulturlandskapet
er skapt gjennom århundrer med aktiv
jordbruksdrift.

Landskapsvernområde

Området er som kjent foreslått vernet som
nasjonalpark med landskapsvern i
tilgrensende seterdaler. Kommunen er
ferdig med sine lokale høringer og
fylkesmannen har fremmet sitt anbefalte
forslag overfor Direktoratet for
Naturforvaltning (DN)
I forbindelse med vernesaken er det
utarbeidet en rekke fagrapporter. Noen av
disse sammen med offentlige
støtteordninger har dannet bakgrunnen for
utarbeidelsen, og oppstarten av prosjektet.
Ordnningen tilskudd til spesielle tiltak i

landbrukets kulturlandskap er basis for
hele arbeidet.

Samlet plan

Hovedmålet med prosjektet er å utarbeide
en samlet plan for de aktuelle tiltak som
rettighetshaverne / brukerne ønsker å
gjennomføre i seterdalene. I denne planen
inngår enkeltplaner for hver setereiendom
eller utmarksslått. Resultatet av prosjektet
blir derfor en praktisk forvaltningsplan for
seterdalene. I denne inngår tiltak som:

- plan for restaurering av seterhus
- plan for rydding av vollarealer,
inngjerding
- plan for rydding av slåtteløkker
- plan for bruk av voll- og
slåtteearealene

Et av formålene er videre å legge til rette
for jordbruksmessig drift i seterdalene på
en slik måte at det blir attraktivt å fortsatt
bruke dem på en minst like aktiv
landbruksmessig måte som i dag, samtidig
som økologiske og kulturhistoriske verdier
ivaretas.

En av hovedoppgavene blir derfor å foreta
en detaljert registrering av eksisterende
forhold som setervoller med hus,
slåtteeenger osv. I tillegg blir det interessant
å foreta en historisk nedtegning av
tidligere bruk av setervoller og slåtter.

Den største og viktigste oppgaven i
prosjektet blir å utarbeide delplaner for
utbedrings- og restaureringsarbeider, og
bruksplan eller skjøtselsplan for hver
enhet (for eksempel seter og utslått.)
Disse vil etter hvert danne grunnlaget for
en samlet plan for seterdalene i Budalen.

Styringsgruppe

Prosjektet starter opp omkring 1.mai i år
og skal avsluttes omkring 1. juni 1999,
under forutsetning av at feltsongen i år
blir tilstrekkelig lang. Det er oppnevnt
styringsgruppe som består av
representanter fra fylkesmannens
miljøvernavdeling og landbruksavdeling,
fylkeskommunen og kommunen og det er
innvalgt 2 representanter som har
tilknytning i seterdalene.

Prosjektet er i seg selv så unikt at det
kanskje kan brukes som eksempel i andre
områder. Dette fordi det gjennom
prosessen er laget en praktisk
forvaltningsplan og skjøtselsplan for et
seterlandskap som brukerne og
rettighetshaverne har vært med og lagt
premissene for.

PROSJEKTLEDER
ARIL RØTTUM
MIDTRE GAULDAL KOMMUNE
7090 STØREN TLF. 72 43 13 02



Me tek gjerne imot tips om store eller små prosjekt som bør presenterast for fleire gjennom spalteplass i Seterbrukaren.

FAGTEIGEN FAGTEIGEN FAGTEIGEN FAGTEIGEN FAGTEIGEN FAGTEIGEN

Karoline Daugstad er samfunnsgeograf og forskar ved Senter for bygdeforskning i Trondheim. Senter for bygdeforskning ved forskingsstiftelsen ALLFORSK, Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitet, har som føremål å utføre byggeretta forskning for forskingsråd, offentlege etatar og organisasjonar etter søknad eller på oppdrag. Oppgåva er å gje fakta, analysar, idear og ny kunnskap som kan bidra til å løyse problem og skape ei positiv utvikling i bygde-Norge. Senter for bygdeforskning har utvikla grunnleggande kompetanse innan bygdesosiologi, matproduksjon, kvinneforskning, evaluering og forvaltningsspørsmål tilknytta naturressursar. Senteret har i dag 26 tilsette og utfører mellom 20 og 22 årsverk.



AV KAROLINE DAUGSTAD

Turisme og setra

På mange av setrane ikring i landet idag finn vi turistar. Seterbruk der ein kombinerar husdyrhold og turisme, "seterturisme", blir ofte omtala som "ny næring", "attåttnæring" og "ekstra bein å stå på" for seterbrukaren. Turismen er derimot ikkje eit nytt innslag. Turistane har vore eit innslag på mange setrar langt attende, men sjølv sagt har formen og omfanget på turismen endra seg i tida slik som seterbruket i seg sjølv har endra seg.

Inntrykk frå seterlivet før

Dei første turistane i Norge var ikkje kven som helst. Overklassen, bedrestilte med både pengar og utdanning såg Norge som eit eksotisk reisemål allereie på 1700-talet. Dei langt fleste reisande var menn, mange av dei engelskmenn, og mange skriveføre som tilbake i heimlandet utga bøker med inntrykk frå det enkle, noko primitive, men interessante landet i nord. Norsk seterbruk var ein del av landet dei besøkte, og mange tok inn på setrane både i fjellstrøka og i lavareliggande trakter.

Dei reisande delte ut både ris og ros til norsk seterbruk og seterstell, mykje farga av kven dei var og oppfatningar i tida av kva som var positivt og negativt. Den britiske marineløytnanten William Henry Breton utga i 1835 sine beretningar om si norgesreise året før. Breton fann norsk seterstell lite reinsleg og tiltalende. Setrane låg på klimatisk utsette og dystre lokalitetar, men Breton måtte ta inn på setrane på sine lange turar i fjellet. Av skildringa går det fram at seterfolket tok imot dei reisande som best dei kunne, men for Breton var likevel seterbesøka litt av ei påkjenning. Mellom anna skildra han ei vestlandsseter slik: "Min nattebolig, rømmet av eierne til bruk for meg, hadde to rom, ett som ble brukt til soverom og

melkebu og det andre til alle slags formål. Selet var primitivt, oppført av stener, tekket med torv og med et hull over inngangen til avløp for røken. Da sengen ikke virket fristende, overlot jeg den til min tjener, og innhyllet i en halvtørre kappe satte jeg meg på et fang høy blant melkebøttene. ... Folket bor her bare i ni uker og fryder seg over det liv de lever, hvilket er mer enn jeg ville gjøre". Ein nordmann, vitskapsmannen Christopher Hansteen skreiv frå si reise, også på Vestlandet, i 1821. Han meinte seterbruket sto for den traurigaste delen av bondens liv. Ikkje før snøen var borte frå garden på vårparten så flytta folket opp i fjellet, til ein ny vinter på setra. Hansteen besøkte mellom anna ei seterbygning med fjøs i eine enden og seterbu i andre, eit husvere han karakteriserte heller å vere "et tilfluktssted for ville dyr enn bopel for mennesker".

I andre halvdel av 1800-talet endra synet på natur, landskap og bondekultur seg. I lyset frå romantikken si verdsettning av det reine og enkle livet på landsbygda og den flotte norske natur, vart synet på setra eit anna. Dette gjev seg klart uttrykk når dei reisande skriv. Engelske Francis M. Wyndham skildra setrane frå si norgesreise i 1861. Han og fylgjet hans vart tekne vel imot av gjestfrie seterfolk, og han kunne fortelje at folk på setrane alltid var førebudd på å ta imot reisande, og ga dei både mat og husrom. Spesiell rosande omtale fekk budeiene som han omtala som rosenkinna, staute og frodige. Landsmannen hans, den kjente tindebestigaren Cecil William Slingsby, skreiv om sine reiser spesielt i vestnorske fjellstrøk frå 1872 til tidleg på 1900-talet. Også han vart gjestfritt oppvarta på setrane av seterjenter som var "meget tjenstvillige, og stolte over å opptre som vertinner", som han uttrykte det. Kva dei la igjen av pengar eller varer til seterfolket, vart det ikkje sagt noko om.

Dei reisande idag


Notidas reiseskildringar frå setrane finn vi mellom anna i Den norske turistforening (DNT) sitt medlemsblad "Fjell & Vidde". Her får me høyre om gjestfrie seterfolk, veldrevne setrar, billedskjønne landskap

og heimelaga, god seterkost. Slik sett kan det sjå ut som om tida nesten har stått stille. Attraktiviteten har tydelegvis ikkje minka, trass i at norsk seterbuk har gjennomgått store omstillingar og endringar sidan midten av 1800-talet. Setrane ligg strategisk plassert for dei som vil ut på tur, særleg setrane som ligg inntil populære fjellområde. Setrane er viktige knutepunkt i eit ferdselsnett til fots. Det ser vi i Yngvar Nielsens "Rejsehaandbog over Norge" frå 1879 såvel som i DNTs "Til fots i fjellet" frå 1990-talet som beskriv fotruter i Norge. I 1879 som idag er husrom og matstell på setrane ei av føresetnadane for denne type aktivitet.

Som eg har vist har seterområda våre husa både seterfolk, bygdafolk og tilreisane langt attende i tid. "Seterturisme" er slik sett klart ei tradisjonell næring. Seterområda må framleis kunne ha plass til både seterdrifta og turistane, men det gjeld å finne rette balansen mellom dei ulike aktivitetane. Og balansepunktta er mange, mellom anna avveginga mellom det å drive eit rasjonelt og reinsleg seterbruk når mange interesserte besøkande gjerne vil inn både i fjøsen og på kjøkenet. Ei anna avveging ser vi når turistinntekta blir meir sentral enn inntekta frå husdyrholdet, samtidig som husdyrholdet og seterdrifta er trekkplasteret for turistane. Når seterdrifta er blitt "attåttnæringa" er det ein reell fare for at denne sida ved seterbruket vert oppfatta som eit underholdningstilbod og ikkje ei seriøs driftsform innanfor norsk landbruk.



Norsk senter for seterkultur
6214 NORDDAL



Ønskjer du å bli medlem?

Som medlem er du med på å:

- Fremje seterdrifta og seterkulturen
- Leggje grunnlaget for eit framtidig informasjon- og kompetansesenter knytt til seterkulturen
- Skape eit nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får bladet Seterbrukaren
fire gonger i året

Medlemskontingent 1998

Aktiv seterbrukar kr 250,-
Organisasjonar/institusjon kr 400,-
Støttemedlem/tinging av
Seterbrukaren kr 150,-

Tinging av Seterbrukaren

JA, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Navn:

.....

Adresse:

.....

Fylke:

Telefon:


Send også tilbud om medlemskap til:

.....

.....

Send kupongen til:
NORSK SENTER FOR SETERKULTUR
6214 NORDDAL Tlf: 70 25 91 77
E-post: seterkul@online.no
Bankgiro: 402030 44 250

C-BLAD



Bufardagen

Eller buferdsdagen er dagen då buskapan blei ført til eller frå setra. Dagen var ofte fastsett etter gamal sedvane for kvar gard eller grend. Det blei gjerne traktert med bufargraut eller anna bufarmat. For så å sei heile landet var bufardagen 23. juni.

Primstavmerke for buferdsdagen er ei sol. Me ynskjer alle lesarane av Seterbrukaren finvêr på buferdsdagen og god setersommar.

Ø
ØKO-BUI A/S
O 5880 Kaupanger

Vi har:

Makinar og hjelpemidler til all
slags mjølkeforedling.

Elles alle hjelpemidler til
økologisk og vanlig jordbruk.

Ring 57 67 81 56 for meir informasjon.

*- til seters
for å gjere seg feit..*

Rein
norsk
natur
og Felleskjøpets

FORMEL

gir det beste resultat



Felleskjøpet

